



Så flotte og så stolte!

Fotballen rullar for fullt, og vi har mange flotte fotballag i Uskedalen. Endå flottare vert dei når dei kan stilla i i nye, fine drakter. No er det G09-laget som kan stilla i heilt nytt draktsett. Det er sponsa av Hardanger Rock, og gutane er både takksame og stolte. Trener Trond Myklebust har sendt følgjande takkehelsing frå laget og fotballgruppa:

'Uskedal Idrettslag ved fotballgruppa vil senda ein stor takk til Hardanger Rock ved Ann Kristin og Kjell. Dei har sponsa nye drakter til laget vårt, gutar 9 år. Det var ein stolt gjeng som mottok draktene før skulen slutta. Og no gler dei seg til å få spela i dei nye draktene sine.

Første kamp i dei flotte draktene blir på Spar cupen på Heio på søndag. Så då får vi håpa at dei får det til og rockar skikkelig på banen'

Foto: Trond Myklebust
Nett: Thor Inge Døssland.